

KYRKJEBLAD

FOR
DAVIK

Nr. 121	Kjem ut kvar månad	November 1940	Utgjevar og redaktør: Prost Slaatteliid Davik	11. årg.
---------	-----------------------	---------------	---	----------

Bøn.

Tone: Lover den Herre.

Herre vår Gud, åt vårt folk
hev du vore ein fader,
reist oss or gruset
og frelst oss frå alt det som skader.
Halde di hand
yver vårt folk og vårt land,
opna oss veg alle stader.

Fiendsmenn lurar,
men du vil oss verja og vara,
du med ditt velde
vil folket frå undergang spara.
Unn oss di pakt,
lær oss stå vakne på vakt.
Trygt i ditt namn kann me fara.

Du er vår Fader,
ditt egedomsfolk vil me vera.
Innved ditt hjarta vårt folk og vårt land
må du bera!
Ver oss vår los,
ver oss vårt liv og vårt ljøs.
Lær oss din vilje å gjera.

A. Hovden.

Omskaping.

Herre, kva vil du eg skal gjera. Ag. 9. 6.
Det er ikkje det som er om å gjera at vi
er »religiøse«, men at Jesus vert vår herre.

Saul var religiøs før han framfor portane
i Damaskus sette fram dette spørsmålet. Og
det ikkje såleis som ein i våre dagar så
gjerne vil forstå det: at han i sentimentale
aningsfulle kjenster ville »oppleva Gud«.
Nei. Han seier om seg sjølv at i »rettferda
etter lora var eg ulasteleg«. Fil. 3. 6.

Han var heller ikkje »religiøs« på den
måten at han liksom heidningane »søkte etter
Gud«. Nei, han visste at Gud hadde tala
mange gonger og på mange måtar til fed-
rane ved profetane. Hebr. 1, 1.

Her var både ålvorleg vilje og sterk tanke.

Og likevel, trass i alt dette, opplevde Pau-
lus eit stort samanbrot utanfor Damaskus.
Etter alt sitt strev og arbeid, etter all sin
brennhug for Guds ære, kjem han inn i den

djupe, heilage stilla framfor andlitet åt den
Miskunnsame. Og i denne stilla vert det klårt
for han: Min religiøsitet var kjøteleg. Berre
dei som er drivne av Guds ånd er Guds born.

Den menneskjelege religiøsitet bed: Herre,
eg vil at du skal gjera dette eller hint. Den
Heilage Ande lærer oss å be med Paulus:
Herre, kva vil du at eg skal gjera?

Den menneskjelege religiøsitet rosar seg
av sine gjerningar. Det åndelege menneskje
rosar seg i Herren.

Den menneskjelege religiøsitet trøystar
seg til seg sjølv og er seg sjølv nok. Det
åndelege menneskje trøystar seg til Guds
nåde i Kristus.

Det kjøtelege menneskje vil »med Guds
hjelp« byggja opp Guds rike her på jorda.
Det åndelege menneskje vert ein »utvald reid-
skap« i Herrens hand.

I den menneskjelege religiøsitet vert det
naturlege menneske det same som før, sjølv-
rådigt og ubrote. Men det åndelege men-
neskje sannar:

Den grunn hvorpå jeg bygger
er Kristus og hans død.

I Jesu pines skygger
er sjelens hvile sød.

Der har jeg funnet livet,
selv er jeg intet verd.

Hvad Jesus mig har givet
gjør mig for Gud så kjær. Amen.

Fra tysk.

Heimen.

(Nokre tankar um kvardagen).

Kva er ein heim for noko? Det praktiske
liv synest i mange høve å gjeva svaret un-
lag soleis, at ein heim er ein stad der ein
kan sova og eta. Men kva skulle so ein heim
vera? Jau heimen skulle vera — som ein
hev sagt — ein fyregard til himlen. Ikkje
noko mindre. Kven er det so som i fyrste
rekkja serpregar heimen? Jau, det er sjølv-
sagt dei tvo som hev gjeve einannan lovnad

um å dela livet. Dinæst kjem borni, um der er nokon. — Um borni kan ein visst gjerne seia, dei er spegelen av heimen, sjølv sagt med ymse undantak. Treffer ein på eit barn med mindre god oppseding, spør ein gjerne seg sjølv: Kva slags foreldre kan desse hava? Og umvendt. — Eg høyrde ein gong ei mor som hev fleire folkeleg velseda søner, fortelja at ho treffe til på bygata å høyra tvo gåande tala um sonene hennar som var busette i byen og kjende av desse, at »dei kan vera stolte dei foreldri som hev slike born.« Var ikkje det gildt. Tenk, ei fatig landskona få høyra på sjølvaste storby-gata at borni hennar var vel umtykte. Det var verkeleg noko å vera glad for. Men so dei som lær høyra ille um borni sine, hev dei noko å vera glad for? Ånei, sovisst ikkje. »Hjarta kjenner si eigi sorg.« Ikkje finst det vel heller noko tyngre enn born som syner liten eller ingen vyrduad korkje for seg sjølv eller andre. For det fyrste er dei som sagt ei skam for sine eigne foreldre, for det andre er det ingen som lær verkeleg godhug for dei sjølv, og for det tredje skapar dei harme og vonde tankar hjå tenkjende menneskje. Me reddast for diktatur, men kunde det ikkje vera noko som heiter *heilag* diktatur? Dei gamle hadde visst noko av det. Dei rekna med at syndi låg i kjotet alt frå fyrst av og skulle drivast burt med »bon og faste«. Dei lærde borni upp til otte og age for *Herren*.

No er det på mote å *prata* um art og miljø, og so er ikkje det meir. Å du veike og rangsnulde rett, kor du tek imiss. — Den som matte ynskja å bota på det, han grave i sin eigen barn! Korleis lever du ungdomslivet ditt? Er det reimt? Korleis kan du venta ein dag å ha noko å stytja barnet ditt med, når du lyt skjennast ved å lata dei lesa di eigi livsbok? — Skulle det ikkje vera verd nokre nater i »myrklagd« strid om ein ein dag kunne sta fram i ljuset og seia: Sja eg hev vunne. Ånd yver materien! Striden for moralsk reising på alle umkverve er ein strid for det gode. Den kan gjeva si løn i ættarmerke som det stend age av. *J. B.*

Frå Kvinnerenes Arbeidshjelp.

Efter oppmoding av Davik heradstyre har Kvinnerenes Arbeidshjelp i Davik sett i gong ei pengeinnsamling til dei skadelidte distrikter.

Innsamlinga har til denne tid hatt dette resultat:
Frå Davik krins kr. 116.00. Ålfot krins 57.50.
Maurstad krins 162.00. Kjølssdal krins 87.00. Reknesnes krins 23. Tilsaman kr. 445.50.

Eg vil be alle krinsar som enno står att, å setja innsamlingslista i gong so fort dei får henne tilsendt, so pengane kann bli sendt Nasjonalhjelpen så snart som mogeleg.

Bryggja, 16. okt. 1940.

For Kvinnerenes Arbeidshjelp i Davik,
Berit Sveine.



Våre døde.

15. sept.: Arne Abrahamsson Berle; g. gbr.; f. 1892.
22. sept.: Lars Reielsson Bakke, Tytingvåg; g. karmann; f. 1873 i Bremanger.
26. sept.: Hanna Severinsdtr. Saltvik; gbr.-kone; f. 1897 i Årdal.
30. sept.: Bergljot Alfredsdtr. Lund, Davik; lmv. gbr.-dtr., f. 1923.
12. okt.: Ole Iver Iversson Lund, Kjølssdal; g. smed; f. 1869.
14. okt.: Peder Olsson Kjøllesdal; e., karmann; f. 1858.
21. okt.: Anne Hansdtr. Bortne; kårenkje; f. 1861 på Navelsaker i Hornindal.

Hjelp oss å tro på Jesus Krist
og blive salig! Amen.

Notisar.

Doypt: 13. okt. OIav, f. 22. sept. av f. lærar Johannes Olsson Hatlegjerde og k. Ragna Kristoffersdtr. (f. Midtbo).

Ektevigde: 14. sept. i Bremanger Emil Nilsson Klabben og Agnes Rasmusdtr. Bakke, Bremanger. 12. okt. i Flora Birger Olsson Oldeide og Alma Pedersdtr. Herland, Askvold. — 27. okt. i Rugsund Sverre Isaksson Gangsøy og Ruth Kristiansdtr. Braten, Fet.

Pengegæver til Kjølssdal kapell: Matias B. Eikas 50 kr., Matias A. Eikås 40, Ole J. Eikås 50.

Davik sokneråd hadde møte 2. oktober. Det vart vedteke å ha ofring til hjelp for dei krigsherja distrikt i jola. Til organist ved Kjølssdal kapell vart tilsett fru Signe Sundal og til kyrkjetenar Peder P. Gilleshammer. Løn for organisten vert 70 kr. for året, og dessutan 3 kr. for å spela ved gravferd og 4 kr. ved brudevigsle.

Peder P. Gilleshammer er av stiftsdirksjonen sett til kyrkjevevje for Kjølssdal kapell.

Ofring: Ålfot 20. sept. til dei krigsherja distrikt kr. 133.15.

Gudstenester:

- | | |
|--------------------|--------------------|
| 1. sund. i advent, | 1. des.: Davik. |
| 2. sund. i advent, | 8. des.: Ålfot. |
| 3. sund. i advent, | 15. des.: Rugsund. |
| 4. sund. i advent, | 22. des.: Totland. |
| 1. joledag, | 25. des.: Davik. |
| 2. joledag, | 26. des.: Rugsund. |
| Sund. etter jol. | 29. des.: Ålfot. |

Kjølsdal kapell.

Utgreieing frå formannen i byggjenemnda ved vigsla 13. september 1940.

Då vi i dag har hatt den store glede å få vårt nye kapell vigsla til kyrkjeleg møtestad for nordsida av Davik sokn, og då der kann vera lei, som kunde ynskje ei oversikt skal eg få lov å gje ei orientering.

I slutten av 1876 gjorde Davik soknestyre vedtak om ny kyrkje for Davik sokn, og løyvde same dagen 20 000 kroner til byggnaden. Men før ein fekk lov å byggja ny kyrkje, måtte ein løysa inn den gamle kyrkja, som privatfolk dengang åtte.

Samstundes kom der krav frå nordsida av Davik om at den nye kyrkja skulde stå på Haus. — Grunngevinga var at nordsida hadde det største folketal, og at Haus var sentrum. Men endå stemmeretten var nytta fullt ut, gjekk ikkje dei kyrkjelege autoriteter med på flytting. Davik var ei stor og fin bygd, som låg laglegt til for hovudkyrkja i prestegjeldet.

Den nye kyrkja vart bygd på Davik i 1885 og vigd i 1886.

Kyrkjestriden roa seg litt etterkvart og fjorden som var den eldgamle ferdselsveg gjorde det moglegt for alle å møtast på Davik.

Men ombyte kom. Vegsambandet millom bygdene kom lenger og lenger utetter fjorden samstundes som robåtane minka i alle naust. Til desse brigde i samferdsla kom, at gravstaden i Davik var i minste laget. Kravet kom difor opp om ein hjelpekyrkjegard i Kjølsdal. Etter lange etterrøkjingar vart ein endeleg samde om plassen. Davik soknestyre oreigna eit jordstykke til gravstad med kyrkjetuft. Dei interesserte tok på seg å opparbeide gravstaden, som vart teken i bruk i 1928.

Same året — 4. juledag — heldt folket i Kjølsdal den fyrste fest til innkome for ny kyrkje i Kjølsdal.

Der vart samstundes vald ei arbeidsnemnd med kasserar, som i åra som kom, bar kyrkjesaka fram, so den fekk fleire og fleire vener. Når møteroma nede i bygda var for små, heldt ein sommedag store stemner oppe på setrane; der var romsleg og festleg å vera. Prosten vår og granneprestane var hjelpsame, so alt gjekk godt.

I august 1935 vart der halde eit stort allmannamøte, der ein samrøystes gjorde dette vedtak:

»Møtelyden takkar arbeidsnemnda og alle dei andre, som har teke opp arbeidet for ny kyrkje i Kjølsdal.

I von om at alle interessera kvinner og menn med godhug og trott framleis arbeider i same leid som no, kan ein i nær framtid nå målet å få reist den nye kyrkja for nordsida i Davik.

Møtelyden bed difor arbeidsnemnda leggja kyrkjesaka fram for Davik sokneråd og soknestyre, som vert bedne om å førebu alt turvande, so ho kann leggjast fram for dei kyrkjelege autoriteter til godkjenning m. v.« (I avrøystinga deltok omlag 200 røysteføre).

I oktober 1935 rådde arbeidsnemnda over 13 000 kroner.

Kyrkjesaka vart so lagd fram for soknerådet, som gav sin beste studnad og gjorde framlegg om at byggjenemnda skulde vera 5 mann og at 2 av desse skulde veljast av soknerådet, dei 3 andre av soknestyret.

Soknerådet valde:

1. Prost R. J. Slaattelid.
2. Knut Horn.

Varamenn:

1. Lærer H. J. Aardalsbakke.
2. Rasmus R. Ervik.

Deretter kom saka til Davik soknestyre som den 23. november 1935 gjorde dette vedtak:

»Soknestyret er klår over at det både av omsyn til vanskane med kyrkjeferd til Davik, og av omsyn til dei kyrkjelege oppgaver i alle leider, trengst kyrkje for nordsida av Davik sokn.

Ein er samd med søkjarane i at kapellkyrkja er eit folkekrav som kjem synbert fram ved den store offervilje, som er vist av dei interesserte, og som klårt provar at kyrkja må byggjast, so snart råd er. Soknestyret søker difor vyrdsamt dei kyrkjelege autoriteter om løyve til å byggja den påemna kapellkyrkja i Kjølsdalen.«

Same dag valde soknestyret 3 mann i byggjenemnda:

1. L. P. Lefdal.
2. Berge Humborstad.
3. Johan R. Kjøllesdal.

Varamenn:

1. Iver Tømmerstøl.
2. Jonas Horn.
3. Olav Haus.

Då vi i dagspressa hadde sett at biskopen i Bjørgvin hadde vigsla ei kyrkje på Hildre i Haram prestegjeld, Sunnmøre, som kosta berre 18 000 kroner med omlag 250 sitjeplassar, hadde arbeidsnemnda hatt brevbyte med soknepresten og kyrkjeverjen i Haram og med Tennøe & Skaars Trevarefabrikk, som hadde bygd kyrkja på Hildre. Dei kostnadsrekna kyrkja i juli 1935 til 20 200 — utan grunnmur m. v.

Riksarkitekt Fr. Crawford-Jensen gav oss løyve til kostnadsfritt å bruka alle dei teikningar han hadde utarbeidd til kyrkja på Hildre og spesifikasjonene elles.

Kyrkjesaka kom attende til soknestyret i august 1936 med spurnad om korleis vi hadde tenkt å skaffa resten av byggjesummen. I november same året gav Davik soknestyre bindande trygd for 6 000 kroner som endå vanta på byggjekostnaden.

Endeleg vart saka avgjort ved kongeleg resolusjon av 2. april 1937, der det millom anna heiter:

»1. Det tillates at det til bruk for befolkningen i Kjølsdal, Reksnes, Haus og Levdal skolekretser i Davik sogn av Davik prestegjeld under Nordtjord prosti i Bjørgvin bispedøme opføres et kapell på en dertil utsett tomt av Kjølsdal hjelpe-kirkegård efter en fremlagt av Statens bygningsinspektør utarbeidet plan, o.s.v.«

Ved hjelp av dei kyrkjelege og sivile administrasjonar var vi no komne so langt at vi hadde formalia i orden.

Det som stod att var å skaffa meir byggjekapital. Ved teikning på lister kom inn omlag 2200 kroner, og ved andre tilstelningar, der kvinnene gjorde eit framifrå arbeid, kom inn so mykje, at kasseraren i april 1938 kunne melde ifrå, at ein no rådde over omlag 20 000 kroner. Til dette kom teikna grøntarbeid m. v.

Dessutan vart der søkt om dagsverktilskot til grunnarbeidet.

Hausten 1938 vart grunn- og steinarbeidet sett iverk.

I slutten av året vart byggjenemnda samd om å lysa ut kyrkjebyggnaden til oppføring

i 1939. Og den 27. febr. vart byggjetilbodet handsama av Davik soknestyre, som godtok tilbodet frå Tennøe & Skaars Trevarefabrikk. Brattvåg. Det lydde på 22 800 kr. Der var teke med benker, preikestol og alter m. v.

Vi var sjølvstøtt klår over at vi hadde for lite pengar til å fullføra kyrkja. Ditor vart der veksla skriv med stortingsmann Jakob Lothe, om der kunne vera von om statsløyving. Han trøsta oss med at det var ikkje vonlaust. Søknad vart send, og i statsbusjettet for 1940—41 var der teke med til Kjølsdal kapell 5 000 kroner, som vart løyvd av stortinget den 5. april i år.

Men endå vart det forlite byggjekapital. Grunnarbeidet med tufta og rydjing av kyrkjegarden vart omlag 1500 kroner dyrare enn ein hadde rekna med; og då omlag 4 000 kroner som var oppspard av Davik sokn — av tekniske grunnar, i hopehavet med heradskassa — ikkje kunne utbetalast, måtte ein søkja Davik brandforeining om 5 000 kroner som lån. Som kyrkja no står kjem den paa omlag 34 000 kroner.

Endå der er utstyr som vantar, vende byggjenemnda seg til soknestyret med vitring om at kyrkja no var nokosonær ferdig, og at ein kunne vigsla og ta den i bruk so snøgt råd var.

Samstundes vart halde fram:

Når arbeidet har gått so godt, er det fordi byggnaden var tiltrudd eit godt og leveringsdyktig firma, og at formenn og arbeidarar i stein, trearbeid og måling m. m. har vore sers dyktige folk, og ikkje minst fordi dei interesserte kvinner og menn i kapelldistriktet — serleg i Kjølsdal — har hjulpet so godt til i alle høve.

I same skriv vart boren fram ei hjarteleg takk til ordførar og soknestyre m. fl. for den hjelp dei hadde gjeve oss og den tiltru dei hadde synt oss i denne saka.

So vil eg til slutt få lov å minna om eit vers i fedrelandssalmen:

*Vil Gud ikkje vera bygningsmann
me fåfengt på huset byggja,
vil Gud ikkje verja by og land
kann vaktmann oss ikkje tryggja,
so vakta oss, Gud, so me kann bu
i heimen med fred og tryggja!*

13. sept. 1940.

L. P. Lefdal.